



Stusdal VVS AS  
Apalen 17  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1633 - 19/26722

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
06.09.2019

## Dispensasjon frå plankrav og pbl § 1-8 for etablering av avløpsanlegg - gbnr 234/45 Eide ytre

**Administrativt vedtak. Saknr:** 498/19

**Tiltakshavar:** Morten Arve Kolås

**Søknadstype:** Søknad om dispensasjon etter plan- og bygningslova (pbl.) § 19-1

### Tiltak


Saka gjeld søknad om dispensasjon frå plankravet i kommuneplanen si føresegn 1.1 og det generelle byggjeforbodet i strandsona i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8, for etablering av avløpsanlegg for eksisterande fritidsbustad på gbnr 234/45. Dispensasjonssøknaden er knytt til søknad om utsleppsløyve der utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar og førast i tett leidning til sjø.

Det vert elles vist til søknad mottatt 23.08.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.08.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2, er 12 veker frå denne dato.

### Situasjonskart




### Foto





### Utsnitt frå kommuneplanen



### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som byggjeområde for fritidsbustadar. Tiltaket ligg innan for 100-metersbeltet langs sjø, jf. pbl § 1-8.

Arealet i sjø er avsett til område for bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Etablering av avløpsleidning i sjø er i samsvar med føremålet, jf. føresegn 6.2.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå plankravet i føresegn 1.1 i kommuneplanen og pbl § 1-8. Det er søkt om dispensasjon med slik grunngeving:

«Grunner for å gi dispensasjon:

*Slampumpekum vil stå utenfor hytte, men gjemmes i terreng uten å gjere inngrep i eksisterende terreng. Her vil det pumpes opp i 40mm slange fra kum og opp til slamavskiller ved parkering. Slamavskiller blir plassert på eigen tomt og nedgravd i sin heilhet uten å føre til inngrep i eksisterende terreng. Avstand til nabotomt vil vera minst 4 meter. Utløp frå slamavskiller (Ø75mm avløpslange) vil gjemmes i terreng og gå*

*ned i sprekk i berg og ned i sjø. Synligheten av denne vil vere minimal. Landbruksområdet og strandsonen vil ikkje bli berørt av tenkt tiltak og vil ikkje føre til terrenngrep som boring og sprengning. Det vert gjerne sagt ned ein del busker og kratt for å komme fram med nødvendige ledninger. Tanker og ledninger vert gøymd ned i terreng med masser av stein og jord slik at det er tilnærmet likt som det var før tiltaket startet. 2 stk kummelokk er det som vert synlig når tiltaket er utført.»*

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Vestland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Vestland får vedtaket til klagevurdering.

### **Nabovarsel**

Dispensasjonssøknaden, som er send inn i etterkant av søknad om utsleppsløyve og løyve til å etablere anlegget etter pbl, er ikkje varsla særskild. Kommunen vurderer at gjennomført varsling av søknad om utsleppsløyve og løyve til å etablere anlegget etter pbl § 20-1 er tilstrekkeleg for å kunne handsama søknaden om dispensasjon. Det ligg ikkje føre merknader.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 01.07.2019 som er mottatt 23.08.2019.

Det er opplyst i søknaden at minste avstand mellom slamavskiljar og nabogrense er 4 meter.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vera oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verta vesentleg sett til side. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vera klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering. Vilkåra i plan- og bygningslova § 19-2 er kumulative vilkår, jf. pbl § 19-2 (2), det vil seia at alle vilkåra må vera stetta før ein kan gje dispensasjon.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4). Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setja vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggja innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vera ein naturleg samheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Omsøkte tiltak gjeld etablering av avløpsanlegg for eksisterande hytte. Området er ikkje utbygd med offentleg avløpsanlegg og det ligg heller ikkje føre konkrete planar om slik utbygging. Avløpssituasjonen i området må løysast ved etablering av private anlegg.

Omsynet bak plankravet er i hovudsak at tiltaket skal vurderast i ein større samheng samt å sikra at det ikkje vert godkjend tiltak som kan vanskeleggjera ei framtidig regulering av området.

Omsynet bak byggjeforbodet i strandsona er å gje strandsona eit særskilt vern og halde ho fri for tiltak for å sikre ålmenta sine interesser, spesielt ferdsle og friluftinteresser, landskapsomsyn og verneinteresser. Fysiske inngrep og/eller anlegg i strandlinja bør i størst mogleg grad avgrensast.

Når det gjeld omsynet bak plankravet så gjer ikkje det seg særskilt gjeldande for omsøkte tiltak. Det omsøkte tiltaket er i samsvar med arealføremålet som er byggjeområde for fritidsbustadar. Byggjeområdet omfattar berre denne eigedomen. Det er ikkje offentleg VA-anlegg i området og vatn og avløp må løysast ved etablering av private anlegg. Vurderinga i denne saka blir om omsynet bak strandsonevernet og friluftinteressene vert sett vesentleg til side som følgje av ein dispensasjon i denne saka.

Etablering av avløpsanlegg slik det er søkt om vil etter administrasjonen sitt syn ikkje ha vesentlege negative verknader på arealbruk eller strandsona. Eigedom er bygd ut med fritidsbustad, uthus og kai. Reinseanlegg og leidningar skal plasserast på eigen grunn og anlegget er knytt direkte til eksisterande bebyggelse. Avløpsanlegg og leidningar skal gravast ned og terrenget skal reetablerast. Dei omsøkte tiltaka vil ikkje medføre endra bruk av arealet.

Omsøkte tiltak vert vurdert til å ikkje gje negative verknader i forhold til verken arealbruk eller strandsona. Administrasjonen finn etter ei samla vurdering at verken plankravet eller dei omsyna byggjeforbodet i strandsona skal ivareta vert vesentleg sett til side.

I vurderinga av fordelar og ulemper har administrasjonen lagt vekt på at omsynet til arealføremål og strandsona er vurdert til å ikkje verta sett vesentleg til side og at tiltaket vil sikra ei forsvarleg og helsemessig tilfredsstillande avløpshandtering. Fordelane ved å gje dispensasjon er vurdert å vera større enn ulempene.

Vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknaden om dispensasjon vert godkjend.

#### **Vidare handsaming**

Dispensasjonsvedtaket vert å senda Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering i samsvar med gjeldande sakshandsamingsreglar. Vi gjer merksam på at dersom det kjem klage på eit vedtak er ikkje saka endeleg avgjort før klagen er handsama av fylkesmannen.

Etablering av leidning i sjø vil krevja løyve etter hamnelova. Saka vert oversend Bergen og Omland havnevesen, som forvaltar hamnelova på vegne av kommunen, for handsaming etter særlov.

Søknaden om utsleppsløyve, mottatt 31.05.2019, vert handsama i eige vedtak.

Søknaden om etablering av anlegget etter plan- og bygningslova § 20-1, mottatt 31.05.2019, vert handsama i eige vedtak når utsleppsløyve og løyve etter hamnelova ligg føre.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen.

Kommunen finn at tiltaket ikkje vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

## VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankravet i føresegn 1.1 i kommuneplanen og plan- og bygningslova § 1-8 for etablering av avløpsanlegg for gbnr 234/45 slik det er søkt om.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må **høvet** til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### Bortfall av løyve

Vedtaket om dispensasjon er gyldig i 3 år, jf. pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast. Det må ligga føre løyve til tiltak etter plan- og bygningslova innan utløp av 3 års fristen for vedtaket.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Bergen og omland havnevesen	Postboks 6040	5892	BERGEN
Fylkesmannen i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Morten Arve Kolås	Kolåsvegen 134	5955	LINDÅS
Morten Arve Kolås	Kolåsvegen 134	5955	LINDÅS
Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS

### Mottakarar:

Stusdal VVS AS	Apalen 17	5915	HJELMÅS
----------------	-----------	------	---------